



Framsida av boka.

I går vart ei ny bok frå Harald Sætre lansert. Harald Sætre sit inne med svært mykje kunnskap om historien til trafikken på sjøen i regionen vår, og han kjem no med boka **Fram og tilbake til by'n** med undertittel - om HSD, langruter, lokalruter, båtar og stoppestader. Dette er fjerde boka frå Sætre om historien til båttrafikken her i området.

I 2010 kom Sætre med den første boka si. Den handla om arbeidet til Veteransklipslaget Fjordabåten og utviklinga frå dambåtar som Stord 1 og framover. Denne boka hadde tittel **Damp, diesel og pågangsmot**. I fjor kom boka om ferjene og ferjetrafikken, **Fram og tilbake over fjorden**, og no er han klar med si tredje bok om båttrafikken **Fram og tilbake til by'n**.

Han var også hovudforfattar til boka **Eit skip heitte Stord**.

I tillegg til at Harald Sætre skriv svært interessanne bøker, gjer han også eit svært viktig kulturhistorisk arbeid. Han har heile tida samarbeidd med Kapabel forlag, og i samband med den nye utgjevinga skriv forlaget:

Frå 1880 og fram til selskapet bytta namn til Tide - og seinare Norled - var det Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) som frakta varer og folk til og frå byen. Den runde raude rosetten med bokstavane HS var kanskje det best innarbeidde firmamerket på heile Vestlandet.No er både HSD og rutebåtane historie. Det er slutt på den tida då svarte og kvite båtar tråkla fjorden på kryss og tvers og slik bandt saman øyar, fjordbygder og tettstadar.Harald Sætre har i mange år interessert seg for rutebåtar, ferjer og samferdsle i Hordaland. Han har tidlegare skrive boka «Damp, diesel og pågangsmot», var ein av hovudforfattarane av boka «Eit skip heitte Stord» og i 2014 «Fram og tilbake over fjorden - om HSD , ferjer,ferjekaiar og ferjeruter».

Boka kan de kjøpe i bokhandel, frå [www.ferjekiosken](http://www.ferjekiosken) eller direkte frå [www.kapabelforlag.no](http://www.kapabelforlag.no)

Boka gjer det enklare for oss når vi skal i gang med julegåvehandelen, og i samband med utgjevinga vert m.a. uskedelingen Harald Sætre å treffa på det neste opne møtet i Uskedal Utvikling. Det er onsdag 2.desember i Gamleskulen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kapabel forlag